



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Vi nyttar fylkesbanken
SPAREBANKEN SOGN & FJORDANE

Bankgiro 3781.07.30251

ÅRSMELDING FOR LEIKANGER JAKT OG FISKELAG 1988

Laget har ikkje vorte nemnande større i året som gjekk. 75 betalende medlemmer er ein auke på ein frå førre året. I tillegg har vi nokre "passive" medlemmer som ikkje har betalt medlemsavgift.

Det har berre vore 4 styremøte. Dette gjev likevel ikkje noko inntrykk over aktiviteten i styret. Det har vore mykje uformell kontakt på telefon og privat. Ikkje minst har aktiviteten på Kleppa ført til mykje kontakt. Av dette kan vi nemne:

Brakka til Røde Kors vart innkjøpt og plassert ved skytebana. Ny kastar til 40 000 kr. vart kjøpt inn og teken i bruk. Dette finansierte vi delvis gjennom sponseavtalar med Sparebanken Sogn og Fjordane og Bama, og delvis gjennom lån i banken. Seinare har vi fått inntekter gjennom aktiviteten på bana. Vi søkte i tillegg fylkesmannen om tilskot frå midlar til lokale vilttiltak for å bygge opp leirduebana. På slutten av året fekk vi tildelt 25 000 kr til dette, noko som var eit velkome tilskot.

Det er særleg på "jakt-sida" at laget er aktivt. Forutan ein treningskveld i veka på leirduebana, har vi hatt to leirduestemner med god deltaking. Vi var og med på cupskytinga mellom laga i Indre Sogn. Første premien der, ei hagle, gjekk til ~~Luster~~ etter finaleskyting på Kleppa. Det vert vonleg nye sjansar i ein ny cup for 1989. I tillegg har det vore klubbmeisterskap og felleskonkurransse mellom Skyttarlaget og Jakt og Fiskelaget. Dette siste tiltaket var svært populært.

Frå resultatlistene kan vi sjå at Ingmar Moum vart klubbmeister etter hard fight. I alt har medlemmer frå laget delteke på 15 ulike stemne i fylket. I gjennomsnitt deltok 6 medlemmer frå laget. Dette resulterte i 12 førstepremiar i ulike klassar. To av medlemmene vart i tillegg stemnevinnarar, Kurt Langeteig to gonger og Jarle Walsvik ein gong. Fem medlemmer har gått frå klasse C til klasse B. Dette viser klår framgang. I fellesskytinga med skyttarlaget fekk vi 1. premie ved Olav Njøs.

På fiskesida er aktiviteten vesentleg mindre. Berre den tradisjonelle fiskekonkurransen på Fjærlandsete vart gjennomført. Av resultatata kan vi nemne at Jakob Holen fekk størst fisk medan Ivar Ness (for 3. år på rad), fekk flugepokalen. I tillegg fekk han flest fiskar.

Det er ynskjeleg med større aktivitet på fiskesida, til dømes med konkurransar på sjøen. Det skal likevel ikkje underslåast at det er vanskeleg å oppretthalde høg aktivitet på alle felt når laget er så lite.

Styret

STYRET I LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

1988

FORMANN
 NESTFORMANN
 KASSERAR
 STYREMEDLEM/SEKRETÆR
 STYREMEDLEM
 VARAMANN
 FORMANN I JAKTUTVALET

FORMANN I FISKEUTVALET

VARAMANN
 VALNEMND

REVISORER

B SVEN ERIK VESTBY
 B BJØRN FJØSNE
 A PER HAUGE
 B JAKOB STØYVA
 A OLAV FINNE
 B BJØRN HAGEN
 A KURT LANGETEIG
 A SVEIN INGE LUNDHEIM
 A IVAR FAGERHEIM
 B VIDAR FREKALAND
 A SVEIN INGE MOUM
 B AGNAR GÅSERUD
 A GEIR OVE RØYSUM
 A KNUT HAUKELAND
 A ARTHUR RØYSUM
 B KJELL OPTUN
 A JON SKÅRHAUG
 A SVERRE FOSSEN
 A INGE YTTRI

B: PÅ VAL

A: IKKJE PÅ VAL

LEIKANGER JAKT OG FISKELAG

UTDRAG FRÅ REKNESKAPEN 1988

Beholdninger:	Bank	40 241,74
	Post	1 238,92

Leirduebana:	Inntekter inkl. lån og tilskot	93385,20
	Utgifter inkl. ny kastar	99907,32

Årsmøte fredag 10.2.89 kl. 19⁰⁰ på Elvegård

Det møtte 28 medlemmer til årsmøte.

B. Fjøsne leia møte, S.E. Vestby referent.

Sak 1: Innkalling til møte einstemmig vedtatt

Sak 2: Årsmelding
Møteleiar gikk gjennom årsmeldinga.
Einstemmig vedtatt.

Rekneskaps kasseraren gikk kort gjennom rekneskopen. Omsetninga var på nesten 140 000,-. Einstemmig vedtatt.

Sak 3: Val

Formann	S.E. Vestby	tok	gjeldval
Nestformann	B. Fjøsne	- "	_____
Styremedlem / (sekretær)	J. Stoyva	- "	_____
Vareremann	B. Dagen	- "	_____
Fakultval	Vidar Frøheland	- "	_____
Fiskeval	Agnar Gåserud	- "	_____
Valnemnd	Kjell Opdum	tok	nytt utval
	Per Aaberge	vart	vart (ny)

Ekstrasak: Det er interesse for kontakt med gannveigslaget for å få igang vilt-fremjande tiltak. Ein mogeleg sak er at formann i respektive lag vert innkalla dersom det er opppe saker av interesse.

2

Det er og ynskje om at det vert den kontakt om opparbeiding av den øvre, nedste del, for fisketorendet.

- Fiskekonkurransen på Fjorlandsete vert fastsett til siste helg i juli saman med skytekonkurransen.
- Ingmar Mounn fekk utdelt pokal for klubbmesterskapen.
- Kurt Langedag fekk utdelt gave på vegne av jaktutvalget for innsatsen i 1988.

Sak 4: Deretter vert det synt videofilm

Steinar Røysum

Gunnar Erik Vestby